



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 ROSENDAL

Dato: 20.04.2022
Vår ref: 21/06945-13
Deres ref:

Vurdering av om minerallova gjeld for Eidsvik & Selstad Eigedom AS sitt mineraluttak på Børnes i Kvinnherad kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) syner til førespurnad frå Eidsvik & Selstad Eigedom AS, fyrst sendt 03.11.2021 og presisert 08.12.2021, samt førespurnad frå Hardanger Rock AS av 13.01.2022 og førespurnad frå Kvinnherad kommune av 23.03.2022.

Førespurnadene gjeld om minerallova gjeld for Eidsvik & Selstad Eigedom AS sitt mineralluttak på Børnes i Kvinnherad kommune.

Det har vore korrespondanse i saka mellom DMF og Eidsvik & Selstad Eigedom AS for avklaring av faktiske forhold i saka, seinast ved e-post frå styreleiar Svein Arne Eidsvik 31.03.2022 og 05.04.2022.

DMF meiner saka er godt nok opplyst, og at mineraluttaket ikkje er omfatta av minerallova, jf. § 3 andre ledd. Grunngevinga for vurderinga kjem under.

Bakgrunn

DMF er statens sentrale faginstans ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på forsvarleg og berekraftig uttak og tilverking av mineral. DMF forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova).

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida, og å hindre at viktige førekomstar blir lagt band på av arealbruk som hindrar utnytting i framtida.

DMF har fått førespurnad frå Eidsvik & Selstad Eigedom AS, Kvinnherad kommune, og Hardanger Rock AS, om minerallova gjeld for Eidsvik & Selstad Eigedom sitt mineraluttak på Børnes i Kvinnherad kommune.

Eidsvik & Selstad Eigedom AS har fått løyve til tomteplanering for opparbeiding av industriområde på gnr. 134, bnr. 85 i Kvinnherad. Tiltaket inneber eit uttak av inntil 30 817 m³ fjellmassar på eit område som utgjer 7783 m² av eigedomen, som totalt er på 22 500 m². Arbeidet er i samsvar med reguleringa av området til næringsareal. Tidsplan for uttaket er i Eidsvik & Selstad Eigedom sin massehandsamingsplan av 30.03.2022 oppgjett å vera på inntil 2 år frå oppstart.



Av massane som takast ut skal ca. 7500 m³ brukast til opparbeiding av tomta, noko brukast til støyvoller, og resten seljast til ulike lokale entreprenørar, til bruk i andre prosjekt.

Rettsleg grunnlag

Minerallova gjeld i utgangspunktet «ethvert uttak av mineralske forekomster», jf. § 3 andre ledd første setning. Lova gjeld likevel ikkje for «uttak som hovudsakelig er en del av annen utnyttelse av grunnen», jf. andre setning. DMF kan fatte enkeltvedtak om at uttak er omfatta av minerallova. Avgjerda skal bygge på ei heilskapleg vurdering, kor det er formålet med utnyttinga av grunnen kor uttaket gjerast som er avgjerande.¹

Vurderingsmomenta er uttakets karakter (varigheit og storleik), reguleringsformål og kor viktig det kommersielle aspektet ved mineraluttaket er.

DMF si vurdering

Mineraluttaket er ifylgje Eidsvik & Selstad Eigedom naudsynt for å leggje tomta til rette for næringsbygg, kai og relatert infrastruktur. Tiltaket er i samsvar med reguleringa av området, og Eidsvik & Selstad Eigedom søkte 21.09.2021 Kvinnherad kommune om løyve etter plan- og bygningslova § 20-1. Løyve blei gjeve 09.03.2022.

DMF legg til grunn opplysningane om at mineralluttaket skjer i samsvar med reguleringsplan, og med løyve etter plan- og bygningslova. Dette tyder klart på at mineraluttaket hovudsakleg er del av annan utnytting av grunnen. Ut frå informasjonen DMF har fått og elles er kjend med, ligg det ikkje føre særlege tilhøve i saka som gjer det naudsynt å gå vekk frå dette utgangspunktet. Me legg derfor til grunn at mineraluttaket hovudsakleg gjerast som annan utnytting av grunnen enn kommersielt mineraluttak. Minerallova gjeld av den grunn ikkje, jf. § 3 andre ledd.

Vidare informasjon

Om det seinare kjem fram at uttaket går ut over det som er naudsynt for å leggja til rette for bruk av arealet til det regulerte føremålet, eller at ein tar ut meir masse enn det som er naudsynt å realisere føremålet, kan DMF si vurdering endra seg. Me ber om å bli varsla om slike endringar skjer.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonssjef

Kjetil Glad Vangen
seniorrådgjevar

¹ Ot. prp.nr. 43 (2008-2009) s. 42 flg.



Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Kjetil Glad Vangen

Mottakarar:

Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470 ROSENDAL
Hardanger Rock AS	Omvikdalsvegen 415	5464 DIMMELSVIK
EIDSVIK & SELSTAD EIGEDOM AS	Børnes 4	5463 USKEDALEN

Kopi til:

SANDS Advokatfirma DA	Postboks 1150 Sentrum	5811
-----------------------	-----------------------	------